



Sak nr 39/2012

Møtedato: 7.11.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Elgjakt – redusert krav om grunnavgift

Statsallmenningen fekk tildelt ei kvote på 28 elg. Dette er det same kvote som har vore dei siste åra. Det er i år berre felt 57 % av kvota.

Tildelt kvote og felt dyr i 2012:

Jaktfelt	Tildelt dyr	Felt dyr	Manglande
Bjødnhøvd	6	4	2
Trøllhøvd	6	3	3
Jaslangen	5	1	4
Bukono	5	3	2
Baklie	6	5	1
Sum	28	16	12

Det har vore ei målsetting i "Driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre" å redusere bestanden noko. Ei periode var det beitet for hard belasta og dette er no ikkje lengre eit problem. Mykje av fjellelgen trekkjer sannsynlegvis ut til nedre del av Hallingdal og der har dei hatt store beiteskader og mykje avgang av elg i trafikken. Det har derfor vore eit ynskje frå samarbeidsstyret for elgjakt i Valdres og Hallingdal, "Valhall", om at det blir halde opp høge kvoter i heile området. Jegerane har signalisert klart at kvota bør reduserast. Kvota er for stor ut frå bestanden som no er i allmenningen. Fjellstyret bør redusere kvota betydeleg, sjølv om det er ynskjeleg frå "Valhall" om ei høg kvote.

Jaktlaga har betalt kr 3.360 i grunnavgift for kvart dyr dei har fått tildelt. Grunnavgifta blir refundert ved felling av dyr og betaling for jakta skjer ved oppgjør for talet på kilo kjøtt. Med så svak bestand, bør vi vurdere om vi skal tilbakebetale deler av grunnavgifta. Det er ikkje urimeleg at grunnavgift for minst eitt dyr blir belasta jaktlaget. Elgjegerane har ikkje søkt om dette, men det er ein viss frustrasjon over at det er så lite dyr samanlikna med kvota.

Nokon av jaktlaga har hatt problem med rein i under jakta. Det er avtale mellom reinlaget og fjellstyret at det ikkje skal vera rein i allmenningen under elgjakta. I følgje avtalen skal reinlaget betale for eventuell skade som har skjedd. Blir ein ikkje einige om erstatninga, kan kravet om erstatning avgjerast av ein valgiftsdom. Krav om ev. erstatning for skade må jaktlaga rette direkte til reinlaget.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek å redusere kravet om grunnavgift, slik at jaktlaget betalar for eitt dyr og manglande dyr ut over dette betalar fjellstyret tilbake til jaktlaget. Det kan ikkje påreknast slik reduksjon seinare år.

Einstemmig vedteke.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 9.11.12

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Jaktlaga